

Om covid-19

Covid-19 (koronasjukdom) gjev i hovudsak luftvegsinfeksjon, men kan også gje symptom frå andre organ. Eldre og vaksne med kroniske sjukdomar har størst risiko for å få alvorleg koronasjukdom. Barn og unge får svært sjeldan alvorleg koronasjukdom.

Om koronavaksinasjon av barn i alderen 6 måneder til og med 4 år

Folkehelseinstituttet har vurdert at det er svært få barn i aldersgruppa 6 måneder - 4 år som vil ha behov for vaksine mot covid-19 i Noreg. Likevel kan det vere somme barn med alvorleg grunnsjukdom som kan ha nytte av vaksinasjon etter individuell vurdering av lege som kjenner barnet. Barn og unge vil også kunne få godt vern ved å gjennomgå koronainfeksjon.

I Noreg brukar vi berre mRNA-vaksinen Comirnaty (BioTech og Pfizer) til barn og ungdom. Ein eigen barsedose er godkjend til bruk frå 6 måneder til og med 4 år. Det blir tilrådd at 2. dose gjevast 3 veker etter 1. dose, og at 3. dose gjevast ≥ 8 veker etter 2. dose. Om eit barn fyller 5 år mellom dosane i grunnvaksinasjonsserien, bør det fullføre serien med dosenivå 3 μg /dose. Tidlegare gjennomgått covid-19 reduserer behovet for ytterlegare vaksinasjon og kan takast med i vurderinga av antal dosar.

Dei vanlegaste meldte biverknadene er milde/moderate, oppstår 1-2 dagar etter vaksinasjon og går over etter nokre dagar. For somme vil symptoma kunne vere meir kraftige. Vanlege biverknader er smerter og heving på injeksjonsstaden, ein er trøytt, har hovudverk, muskelsmerter, frysningar, leddsmerter og feber. Allergiske reaksjonar førekjem hos somme, men dette er svært uvanleg. For spedbarn er det i tillegg sett irritabilitet, søvnigheit, redusert appetitt og utslett.

Betennelse i hjartemuskelen eller hjarteposen (myokarditt/perikarditt) kan i sjeldne tilfelle oppstå etter vaksinasjon. Dette er særleg observert etter andre vaksinedose hos ungdom og unge vaksne. Andre sjeldne biverknader kan ikkje sjåast bort frå.

Før vaksinasjon

Vaksinering er frivillig. Dei som ikkje har fylt 16 år, må ha samtykke frå føresette til vaksinering. Ved sams foreldreansvar må begge samtykke. Gje melding om barnet tidlegare har hatt alvorleg allergisk reaksjon, eller har fått annan vaksine for mindre enn ei veke sidan. Kva helsetilhøve som gjer at ein ikkje bør ta vaksinen eller at ein treng ekstra vurderingar, er skildra i [eigenerklæringsskjema](#). Tilpassa informasjon for barna og utdjupande informasjon om koronavaksinering av barn finn du på fhi.no/kvp.

Riv her

Namn på barnet: _____

Fødselsdato: _____

Eg/vi ønskjer at barnet mitt/vårt vaksineres mot covid-19

Kryss av for kva dose det no blir gjeve samtykke til:

Dose 1

Dose 2

Dose 3

Føresette med foreldreansvar: Føresett 1: _____ Føresett 2: _____

Føresett 1: Fullt namn (skriv tydeleg): _____

Føresett 1: underskrift: _____ Telefonnummer: _____

Føresett 2: Fullt namn (skriv tydeleg): _____

Føresett 2: underskrift: _____ Telefonnummer: _____

Ev. informasjon til vaktinatør om barnet: